

## 2. Finansiell status egenkapital / lånegjeld


### 2.1.a Egenkapital

Eigenkapitalen i form av fond er delvis satt av til særskilte investeringstiltak og driftstiltak. Fond kan vere både bunde og ubunde. Bunde fond kan ikkje omdisponerast, men må nyttast til dei tiltaka dei vart gjeve.

Diagrammet under syner fordelinga av fond. Den frie fondskapitalen utgjer om lag 62,5 mill. kroner. Disposisjonsfondet er 13,2 mill. kroner større, men i beløpet ligger det løyvingar som kommunestyret har nytta til andre føremål. Det er ikkje gjort nokon fullstendig rekneskapsføring av bruk i 2015 pr. 1.10.2015.

Bunde driftsfond må nyttast til særskilte føremål. Dei største er:


- Næringsfond – om lag 12,5 mill. kroner + grunnkapital 3,5 mill. kroner
- Læringscenteret Gol (voksenopplæringa) – om lag 7,2 mill. kroner (ikkje berre Gol kommune sine pengar)
- Sjølvkostfond – om lag 4,37 mill. kronar.



## 2.1.b Lånegjeld

Lånegjelda er kommunen sine egne innlån. Det er desse låna vi skal betene i form av renter og avdrag. I oppsettet er berekna lånegjeld pr. 31.12.2016 (samanlikna med rekneskap 2015).

Kommunen tek opp lån til både sjølvkostinvesteringar og til vanlege kommunale investeringar og det blir gjort samstundes. Følgjeleg er det vanskeleg å vete dei reelle låna til sjølvkost, men administrasjonen har stipulert desse låna og lagt dei inn i oversynet til høgre.



Gol kommune sine lån har ei tilbakebetalingstid på 25 år.

Kommunen er i tillegg selvskyldnar til lånegjelda tilhøyrande Gol Kommunale Eigedomar AS – stipulert til 39,6 mill. kr. pr. 31.12.2015.


Gol kommune er også garantist for ein del lån i andre selskap som Gol Sentrum AS og Hallingdal Renovasjon IKS (saman med andre kommunar). Desse er synt i årsmeldinga for 2015.

I 2016 er det betalt inn ekstraordinært avdrag på 1,08 mill. kroner i samsvar med vedtak i K-sak 31/2016

## 2.1.c Renter og avdrag

Diagrammet syner utvikling i renter og avdrag dei seinaste tre åra. Dette er med ei relativt lån lånerente.

I 2016 vart det teke opp eit lån på 121,35 mill. kroner. Lånet vart teke opp i januar og har stått på renteberande konto.



## 2.1.d Renter og avdrag – sjølvkostområdet

Berekna andel renter og avdrag til sjølvkostområdet er viktig å syne ettersom dette reduserer kommunen sin andel av finanskostnader i den normale drifta.

Det har ikkje vore vanleg å budsjettere sjølv-kostområdet sin del av renter og avdrag. Dette gir eit noko skeivt bilete av ordinær kommunal drift. Rekneskapen blir rett og sjølvkostrekneskapen blir rett, men manglande budsjettering av renter og avdrag direkte på sjølvkost-området fører til eit stort avvik mellom rekneskap og budsjett på området.

